

Til drosjesentralane i Bergen køyreområde

Dato: 11.12.2017
Vår ref.: 2015/6943-44
Saksbehandlar: annvedv
Dykkar ref.:

Reviderte køyretider for reser vedrosjeløyva i Bergen køyreområde

Etter drosjereglementet for Bergen køyreområde pkt. 2,5 fjerde ledd pliktar drosjesentralane å ha eigen køyreplan for tilslutta reserveløyve godkjent av løyvestyresmakta. For sentralar som ikkje har utarbeidd køyreplan for reserveløyva, kan løyvestyresmakta utarbeida slik plan. I samband med sak om evaluering av løyveforvaltninga i Hordaland fekk sentralane presentert forslag om reviderte maksimale køyretider. Sentralane hadde ingen merknader. Det kom heller ingen merknader frå dei politiske utvala i samband med saka.

Ein informerer derfor om at når julebordsesongen er ute, er det følgjande maksimale køyretider som gjeld for reserveløyve tilslutta sentral utan eigen godkjend køyreplan:

Måndag – torsdag	Kl 05:00 – 17:30	
Fredag	Kl 05:00 – 19:00	Kl. 21:00 – 24:00
Laurdag	Kl 00:00 – 07:00	Kl. 17:00 – 24:00
Sundag	Kl 00:00 – 07:00	
I julebordsesongen, under Festspillene og på 17. mai køyrer reserveløyva fritt		

Sentralane har høve til å avgrensa køyring med reserveløyva i større grad enn dei maksimale køyretidene. Løyvestyresmakta ber sentralane varsle sine tilslutta løyvehavarar om endring i køyretidene, og minner samstundes om at sentralane pliktar å sjå til at reser vedrosjeløyva berre køyrer når dei skal.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiarAnne Vedvik
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.